



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7783 - 22/82388

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
28.10.2022

Igangsetjingsløyve for heile tiltaket - gbnr 485/7 m. fl. Vetås nordre

Administrativt vedtak: Saknr: 1217/22
Tiltakshavar: Atle Johnny Vetås
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a), jf. § 21-2, 5.ledd, vert det gjeve løyve til igangsetjing av arbeid knytt til etablering av veg på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 30.06.2022 med vilkår gjeld for tiltaket.
2. Plassering av tiltaket skal skje i samsvar med oppdaterte og målsette teikningar mottatt 19.10.2022.
3. Igangsetjingsløyvet gjeld heile det godkjende tiltaket.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for arbeidet knytt til etablering av veg slik godkjend i rammeløyve datert 30.06.2022. Søknaden omfattar igangsetjingsløyve for heile tiltaket.

Det vert elles vist til søknad mottatt 19.10.2022

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 19.10.2022 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Vilkåra i rammeløyvet er oppfylt. Vestland fylkeskommune har i vedtak datert 15.09.2022 gitt dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg 5478 Vetås Nordre for å leggja om eksisterande privat veg på gbnr 485/7. Oppdaterte og målsette teikningar der høgdeplasseringa er påført tverrprofilerna er mottatt.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 2.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/7783

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5 Situasjonsplan vegplan Vetaas H

Kopi til:

Atle Johnny Vetås

Søre Austmarka 67 5938

SÆBØVÅGEN

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit &
Carlsen AS

Hagellia 6 5914

ISDALSTØ